

Leiar i Hardangerviddarådet Lars Bjådal

Hol/Eidfjord 8.des.2016

Viser til tidlegare telefonsamtalar og e-postar om moglege uttale for KVU Rv7 og Rv52, Gol – Voss.

Litt om bakgrunnen og vidare oppfølging av Regional plan for Hardangervidda. Dette er og forsøkt framstilt i forslag til høyringsuttale frå Hardangerviddarådet.

I oppdragsbrevet frå Miljøverndepartementet, dagsett 12.april 2007, som seinare resulterte i Regional plan for Hardangervidda, skreiv Bjørnøy at Norge har teke på seg eit internasjonalt ansvar for å ivareta dei siste villreinstammene i Europa. Klipp frå brev frå 12.april 2007 :

... 2010. Norge er det eneste landet i Europa som har intakte høysjellsøkosystemer med bestander av villrein. Vi har derfor et internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen og de naturlige leveområdene den er avhengig av. Villreinområder som er spesielt viktige for artens framtid i Norge, vil få status som nasjonale villreinområder, og det vil bli

Lenger nede i brevet frå Bjørnøy står fylgjande

- Det skal fokuseres på å opprettholde og utbedre mulighetene for vandring og utveksling av villrein mellom tilstøtende nasjonale villreinområder innenfor de europeiske villreinregionene.

Både i retningslinjene § 2.3 (side 49) og i handlingsplanen (side 54, sitat under i kursiv) går det klart fram kva som er definert som ei viktig oppfølgingsoppgåve for Regional plan for Hardangerviddarådet.

Planarbeidet har særlig understreket den samfunnsmessige betydning av vinteråpen Rv7 med forbedrede krysningsmuligheter for villreinen. En viktig oppfølgingsoppgave av det regionale planarbeidet er å være pådriver for videreføring av arbeidet med utbedring av Rv7 med sikte på trafikkmessig sikrere veg og bedre krysningsmuligheter for villreinen. Både utbedring av eksisterende trasé og/eller ny Hardangerviddatunnel er viktige tiltak.»

Hardangerviddarådet er som namnet seier et råd, og ikkje eit vedtaksorgan. Dersom me då ikkje vel å gje råd som er heilt i samsvar med planen, og til og med definert som ei viktig oppfølgingsoppgåve, må det stillast store spørsmål til kva rådet kan ha som oppgåver.

Med venleg helsing


Petter Rukke

-ordførar i Hol kommune-


Anved Johan Tveit

-ordførar i Eidfjord kommune-